

# Kritikk av ny diskriminerings- og likestillingslov: Verre for gravide



**KOMMER:** Generalsekretær Anders Fogh Rasmussen.

## Topper til Norge

### NATO

NATOs toppledelse vil få førstehåndskjennskap til utviklingen i nordområdene når de gjester Tromsø, Bodø og Oslo.

Generalsekretær Anders Fogh Rasmussen skal besøke Bodø Hovedflystasjon og Forsvarets Operative Hovedkvarter på Reitan tirsdag. Onsdag deltar han på markeringen av frigjørings- og veterandagen i Oslo etter et frokostmøte med statsminister Jens Stoltenberg.

### – En honnør til veteraner

Generalsekretærens deltakelse på markeringen av frigjørings- og veterandagen på Akershus festning er en honnør til alle våre krigsveteraner og viser at den norske innsatsen i internasjonale operasjoner er høyt verdsett blant våre allierte i NATO, sier statsminister Jens Stoltenberg.

Men det er forsvorganisasjonens høyeste organ som innleder norgesbesøket i Tromsø mandag. De 28 medlemmene av NATOs faste råd, visegeneralsekretær Alexander Vershov og deler av NATOs internasjonale stab skal få orientering om flere sentrale nordområdespørsmål fra UDs statssekretær Torgeir Larsen, direktør Jan Gunnar Winther ved Norsk Polarinstitutt og statssekretær Per Rune Henriksen i Olje- og energidepartementet.

### Utfordringer i nord

I et regnvåt Tromsø skal ambassadørene også få sett seg om når de entrer kystvaktskipet Sortland og legger fra kai mandag formiddag.

Utenriksminister Espen Barth Eide (Ap) slutter seg til selskapet i Tromsø mandag ettermiddag der han innleder til debatt om sikkerhetsutfordringer i nord under et arrangement på Universitetet i Tromsø. **ONTB**

### MOT LOV:

Vernet mot kjønnsdiskriminering blir svekt i nye lovframlegg, hevder juristar og kvinneaktivistar.

## LIKESTILLING

Av Magnhild Folkvord

Ekspertar på kvinnerett meiner framlegget til ny likestillingslov bør stoppast, slik professor Anne Hellum og fleire tok til orde for i Klassekampen sist veke. Lovbehandlingen bør utsettast, krev Norsk kvinnesaksforening.

### Lovleg diskriminering

Kritikken rettar seg særleg mot formuleringar i ein ny paragraf om «Lovlig forskjellsbehandling». Kritikarane fryktar at paragrafen skal bli brukt til å svekkja til dømes vernet mot diskriminering i samband med graviditet og fødsel.

– Etter gjeldande lov er all diskriminering på grunn av graviditet og fødselspermisjon forbode uansett. Den nye paragrafen gir eit signal til arbeidsgeivarane om at dersom dei kan finna ein «sakleg grunn», kan dei berre skuva ut kvinner i samband med graviditet og/eller permisjon, seier førsteamanuensis Vibeke Blaker Strand til Klassekampen.

Formuleringar i gjeldande lov som viser at arbeidslivet er eit område der individets rett til ikkje å bli diskriminert, står sterkt, har blitt borte.

### I strid med EØS

Gjeldande diskrimineringsvern for gravide byggjer på EØS-regelverk.



**TOLKING:** Kritiske juristar fryktar dårlegare diskrimineringsvern for gravide med ny likestillingslov. Likestillingsdepartementet hevdar vernet blir sterkare.

ILLUSTRASJONSFOTO: KNUT FALCH, SCANPIX

– Den svekkinga av diskrimineringsvernet som ligg i dei nye formuleringane, er i strid med EØS-reglane, seier Strand.

Ho trur lovframlegget kan vera eit resultat av slurv og dårleg juridisk handverk, eller ein følgje av overdriven harmoniseringsiver.

### Dagens lov er betre

– Det er bra at det framleis står i lova at den særleg tar sikte på å betra kvinners stilling. Men det er avgjerande korleis den er formulert. Ein kan ikkje basera seg på at den som blir utsett for diskriminering, skal leita i lovforarbeida og tidlegare praksis for å visa korleis forbodet mot diskriminering skal forståast, seier Strand.

– Det enklaste vil vera å behalda dei formuleringane ein har i gjeldande lov på desse

### FAKTA

#### Lovgivning mot diskriminering:

- Framlegg om fire lover mot diskriminering er no til behandling i Stortinget: likestillingslova, diskrimineringslova om seksuell orientering, diskrimineringslova om etnisitet og diskriminerings- og tilgjengelegheitslova.
- Både juristar og kvinneaktivistar meiner dei nye lovene ikkje gir godt nok vern mot kjønnsdiskriminering, og foreslår utsetting av behandlinga.

områda. Overlet ein saka til ei eventuell ny regjering, kan resultatet bli enda verre, seier Strand.

### – Altfor defensivt

Margunn Bjørnholt, fungerande leiar i Norsk kvinnesaksforening (NKF), meiner formuleringa «Loven tar sær-

lig sikte på å bedre kvinners stilling» er altfor defensiv, og det blir enda meir problematisk når det nye lovframlegget i tillegg er mindre presist og vagare enn dagens lov.

– Dette lovframlegget speglar ikkje dei pliktene Noreg har som følgje av menneskerettslova og FN sin konvensjon mot diskriminering av kvinner, seier Bjørnholt til Klassekampen.

Ho etterlyser meir om kva som kan og skal gjerast for å bekjempe all diskriminering av kvinner, både med likebehandling og med positiv særbehandling.

NKF meiner lovframlegget må trekkjast tilbake.

– Det trengst eit grundig forarbeid om vi skal få ei ny lov som kan bli ein verkeleg milepæl for kvinner. Det er betre å få ei effektiv lov etter stemmerettsjubileumet enn eit tilbakeslag på 100-årsdagen, seier Bjørnholt.

magnhild.folkvord@klassekampen.no

## – Diskrimineringsvernet er ikkje svekt

Statssekretær Ahmad Ghanizadeh i Barne-, likestillings- og diskrimineringsdepartementet (BLD) er ikkje einig i at diskrimineringsvernet i samband med graviditet og foreldrepermisjon har blitt dårlegare i framlegget til ny likestillingslov.

– Det går klart fram av lovforarbeida at diskrimineringsvernet ikkje er



Ahmad Ghanizadeh

svekt. Ikkje alt kan reguleraast i lovteksten, men no blir lovteksten tydelegare ved at skiljet mellom indirekte og direkte diskriminering når det gjeld diskriminering på grunn av permisjon blir tatt bort. Vernet mot diskriminering er svært sterkt også ved lenge permisjoner. Det har vore eit poeng å halda lovformule-

ringane på eit overordna nivå, forklarar Ghanizadeh til Klassekampen.

Han understrekar at endringane i lovteksten først og fremst er ei harmonisering av regelverket, det vil seia av dei ulike lovene mot diskriminering.

– Har dei misforstått, dei som fryktar eit veikare diskrimineringsvern?

– Eg er veldig ueinig i dei forståinga av lovteksten, seier statssekretæren. Han

ønsker velkommen spørsmål om korleis den nye lova skal forståast.

– Kritikarane etterlyser også ei meir offensiv likestillingslov, meir i samsvar med FN sin konvensjon mot kvinnesaksforening?

– Vi har vore nokså offensive ved at vi har harmonisert regelverket. Vidare må vi ha ein politikk med tiltak som fremjer likestilling, og ei likestillingsmelding kjem snart, seier han.